

Kari Johannessen

Fra: Hans-Christian Engum <Hans-Christian.Engum@hfk.no>
Sendt: 1. desember 2015 10:43
Til: post@ardareatplan.no
Emne: Flatøy Aust - Futemyren -Solberg - gnr 1 bnr 19 og 20 -
Områdereguleringsplanarbeid- Meland kommune

Hei.

Viser til førespurnad om framtidig dispensasjonssøknad.

Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet skeptisk til planar som avviker frå overordna planar. Vi forholder oss også stort sett til dei formelle høyringane som følgjer av plan- og bygningslova. Dersom det hadde blitt sendt oppstartsvarsel for denne reguleringsplanen, ville fylkeskommunen vist til kommuneplanen sitt krav og bedt kommunen om å vurdere dette nærmare. I slike saker er det først ved offentleg ettersyn av planforslaget at vi har tilstrekkeleg grunnlag til å realitetshandsame saka.

Kravet om områderegulering for dette aktuelle området er sett med tanke på å sjå eit større areal i ein samla plansamanheng, eit grep fylkeskommunen er positive til. Kor vidt eit enkeltståande unntak frå felles planlegging vil ha konsekvensar for den heilskaplege planlegginga av området ser vi det som vanskeleg å ta konkret stilling til på det grunnlaget som her er presentert. Først ved offentleg ettersyn vil ein ha grunnlag til å avgjere om planen unødig vil binde opp ein framtidig områderegulering. Her må kommunen sjølve gjere ein heilskapleg vurdering med omsyn til bakgrunnen for kommuneplanen sitt krav om områderegulering.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi gjer merksam på at det omsøkte arealet har potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Ved eventuell oppstart av detaljreguleringsplan vil fylkeskommunen vurdere om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle § 9 i kulturminnelova.

Fylkeskommunen vil på vanlig vis handsame saka dersom kommunen opnar for at planen kan starte opp.

Mvh
Hans-Christian Engum